



Vår saksbehandlar
Helge Pedersen – tlf 57 65 51 07
E-post: hpe@fmsf.no

Vår dato
01.02.2006
Dykkar dato
11.10.2005

Vår referanse
2005/5422 - 330
Dykkar referanse

Kommunal- og regionaldepartementet
Postboks 8112 Dep
0032 Oslo

KOMM. OG REG. DEP
02 FEB 2006
05 13280 - 164
NR. 661.0
Avd. KO / KØ / HER

Høringsfråsegn til inntektssystemutvalet si utgreiing - NOU 2005: 18 Fordeling, forenkling, forbedring - Inntektssystemet for kommuner og fylkeskommuner

Viser til departementet sitt brev av 11.10.05.

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane oversender med dette høringsfråsegn til inntektssystemutvalet si utgreiing NOU 2005: 18.

Med helsing

Oddvar Flæte

Helge Pedersen
rådgjever

Vedlegg: 1

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane si høyringsfråsegn til inntektssystemutvalet si utgreiing - NOU 2005: 18 Fordeling, forenkling, forbedring - Inntektssystemet for kommuner og fylkeskommuner

Inntektssystemet – kommunal del

Inntektssystemet er eit system for fordeling av statlege rammetilskot til kommunar og fylkeskommunar. I sitt forslag til nytt inntektssystem legg utvalet til grunn at følgjande fire omsyn skal bli ivaretatt:

- Rettferdig inntektsfordeling
- Lokalt sjølvstyre
- Stabile og forutsigbare inntektsrammer
- Regionalpolitiske omsyn

For kommunane sin del vil inntektssystemet bestå av følgjande komponentar:

- Innbyggjartilskot med utgifts- og inntektsutjamning
- Distriktpolitisk tilskot
- Skjønntilskot
- Inntektsgarantitilskot/overgangsordningar

Vi vil i det etterfølgjande fokusere på forhold vi meiner er viktig å få gjennomført, eller som vi ikkje ønskjer endra/er kritisk til.

Innbyggjartilskot med utgifts- og inntektsutjamning

Fordelinga i inntektssystemet er no basert på oppdaterte folketal (pr 1. januar i budsjettåret) for betre å fange opp endring i utgiftsbehovet i m.a. vekst kommunane. Dette har medført ei mindre føreseieleg og meir kompleks ordning. Det er difor positivt at ordninga med utrekning av innbyggjartilskot og utgiftsutjamning basert på folketal 1. januar i budsjettåret fell bort. Vi meiner samla sett at ulempene med denne ordninga har vore større enn nytten.

Utgiftsutjamning

Det er viktig at kriteria for utgiftsutjamning vert gjennomgått regelmessig slik at ein til ei kvar tid har best mogleg samanheng mellom indikatorane og ressursbruken. Om ein gjennomgang kvart 10. år er ofte nok, er ei anna sak. Vi vil tilrå at det vert gjort tekniske revideringar av inntektssystemet kvart 5. år, og at ein tek større og meir prinsipiell gjennomgangar kvart 10. år.

Barnehagar er ikkje med i kostnadsnøkkelen slik den er presentert i dag. Dette har si forklaring i at tenestene er under oppbygging, og øyremarka midlar vert nytta i finansieringa. Vi er samd med utvalet i at delkostnadsnøkkel for barnehagar bør baserast på mest mogleg oppdaterte informasjon om sektoren på det tidspunktet det øyremarka tilskotet vert innlemma i inntektssystemet.

Dei områda av kommunal tenesteproduksjon som vert omfatta av utgiftsutjamninga er: Grunnskule, Administrasjon, Pleie og omsorg, Sosialhjelp, Barnevern og Helsetenester.

Grunnskule: Det synest å vere gjennomført ein grundig analyse som gir ein god kostnadsnøkkel, og det er spesielt bra at utvalet har sett kritisk på kriteriet "berekna reisetid".

Administrasjon: Som ei oppfølging av Stortingsmelding 19 (2001-2002) vart det lagt mykje arbeid i oppgåva med å finna fram til objektive kriterium for landbruksmidlane. I spissen for dette arbeidet stod ei arbeidsgruppe med representantar frå KRD, MD, LD og KS. Resultatet av det grundige arbeidet deira vart vedteken som ein del av kommuneproposisjonen for 2004.

Dagens ordning har eit landbrukskriterium med ulik vekt på dyrka areal, tal driftseiningar, tal landbrukseigedommar og totalareal. Så langt vi kjenner til, har dette kriteriet skapt ro om fordelinga av landbruksmidlane.

Etter vår vurdering avspeglar dette kriterium på ein god måte kommunane sitt arbeidsbehov på landbrukssektoren. Vi finn det lite tilfredsstillande om denne ordninga som kommunane finn rimeleg rettferdig, no skal avviklast. At tilrådinga byggjer på resultatet av sprikande teoretiske analysar av kommunane sine faktiske utgifter til landbruksforvaltning i 2003 (før innføring av den nye ordninga) slik dei kjem til uttrykk i KOSTRA-rapporteringa, finn vi lite overtydande. Dagens ordning som nyleg er innført, synest rettferdig og bør oppretthaldast. Sogn og Fjordane har fleire landbrukskommunar og for desse vil det vere viktig å kunne ha ei godt utbygd landbruksforvaltning.

Pleie og omsorg: Vi meiner utvalet sin konklusjon samsvarer bra med våre erfaringar av kva som har innverknad på kostnadene, men finn det noko overraskande at kostnadene ikkje blir påverka av tal utviklingshemma under 16 år.

Vertskommunar for tidlegare HVPU-institusjonar med mange psykisk utviklingshemma kjem svært dårleg ut fordi kriteriet psykisk utviklingshemma har mindre vekt. Det er vist til at det særskilte tilskotet til ressurskrevjande brukarar vil dekke opp for mykje av dette, men det vil vere krav til vesentlege eigenandelar i høve til eit slikt tilskot, og dette vil såleis berre kompensere for ein del av reduksjonen.

Sosialhjelp: Dei nye nøklane er knytt opp til underliggande sosiale problem og gir derfor eit betre bilete av utgiftsbehovet i kommunane, og gir derfor inntektssystemet større legitimitet.

Barnevern: Endringa i kriterium i høve til kostnadsnøkkelen for barnevern synest vel grunnjeven.

Helsetenester: Inntektssystemutvalet synest også her å ha gjort eit grundig arbeid, og argumentasjonen for valde kriterium stemmer godt overeins med våre erfaringar av kva som påverkar kostnadene for primærhelsetenesta.

Inntektsutjamning

Fylkesmannen støttar utvalet sitt syn om at val av kva type inntekter som skal omfattast av ordninga først og fremst er eit politisk spørsmål. Hausten 2004 vart det gjort endringar i inntektsutjamninga. Det vart då innført ei ordning med symmetrisk inntektsutjamning i samband med at selskapsskatten (skatt frå aksjeselskap) vart gjeninnført som kommunal skatt. Inntektsutjamninga har ein kompensasjonsgrad på 55%. Sidan inntektsutjamninga nyleg er vurdert, har ikkje utvalet vurdert utforminga av systemet, eller ambisjonsnivå for utjamning. Utvalet har derimot vurdert kva inntekter som bør omfattast av inntektsutjamninga, og stabilitet i inntektene.

Inntekts- og formueskatt frå personlege skatteytarar, naturressursskatt frå kraftføretak og kommunal selskapsskatt vert i dag omfatta av ordninga med inntektsutjamning. Eigedomsskatten og heimfalls- og konsesjonskraftinntekter er halde utanfor ordninga.

Uvalet foreslår ingen endringar når det gjeld kva slags inntekter som skal omfattast av ordninga. Dette er ei vurdering vi støtter.

Fylkesmannen vil rå til at utvalet si tilråding med prognosebasert inntektsutjamning vert innført. Erfaringar har vist at kommunane har problem med å handtere uventa bortfall av inntekter.

Distriktpolitiske tilskot

Det distriktpolitiske tilskotet kan bli eit ryddig og godt element i inntektssystemet, men konsekvensane av å endre det distriktpolitiske tilskotet ved å legge soneinndelinga i distriktpolitikken til grunn fullt ut, må utgreiast nærare.

Sjølv om det i Sogn og Fjordane er høvesvis mange kommunar som mottok regionaltilskot, ligg fylket på Robek-toppen i landet.

Fylkesmannen stiller seg tvilande til om det har nokon gevinst å gjere endingar på dette området.

Skjønstilskot

Skjønnsrammene mellom fylka er ulike, det er dei 3 nordlegaste fylka og Sogn og Fjordane som har størst løyving.

Fylkesmannen støttar utvalet i at kompensasjonsordningar som ikkje er underlagt skjønsmessige vurderingar vert tatt ut av skjønnsramma. Desse midlane bør løyvast under ei anna overskrift enn skjønn.

Vi ser ikkje noko stort poeng i å fastsetje noko målsetjing om at skjønsløyvinga bør vere under 1 %. Skjønnsramma vil når dei store kompensasjonsordningane er fjerna, ha ein fornuftig storleik. Sogn og Fjordane har så stor ulikskap i mellom kommunane at vi treng ei høg skjønnsramme – jf. også talet på Robek-kommunar.

Inntektsgaranttilskot/overgangsordningar

Gjeldande overgangsordning er foreslått erstatta av eit inntektsgaranttilskot. Dette inneber at ingen kommune skal frå eit år til eit anna få ein reduksjon i rammetilskot som er større enn 400 kroner sett i høve til endringane i landet. For fylkeskommunane er beløpsgrensa satt til kr 100. Utvalet seier vidare at beløpsgrensene bør justerast i tråd med inntektsutviklinga i kommunane.

Fylkesmannen meiner at ein reduksjon i rammetilskotet på 400 kr pr innbyggjar er mykje, og eit lægre beløp bør difor vurderast .

Oppsummering

Fylkesmannen sitt hovudintrykk er at utvalet har gjort grundige analysar og gode vurderingar. Vi stiller oss samla sett positiv til fleire av framlegga til utvalet, og vil særleg understreke at føreseielege inntekter/rammevilkår er viktig for kommunane. Fylkesmannen viser elles til framsette merknadar i høve administrasjon til landbruk, vertskommunar, distriktpolitiske tilskot og inntektsgaranttilskot.